

Helsing frå leiaren

I år vil jeg benytte denne anledningen til å rose bondelagets ansatte, rose de tillitsvalgte, rose alle som gjør en innsats for bondenæringa og matproduksjonen i Hordaland si framtid. Det gjør en forskjell!

I motsatt tilfelle, hvis ingen gidder eller ikke prioriterer å ta seg tid til å være tillitsvalgt, hva da? Er det noen andre som er nærmere til å fremme våre interesser?



Jeg vil med dette oppfordre flere til å ta på seg verv i bondelaget, unge som eldre, kvinner som menn, og representanter fra alle produksjonene vi har i Hordaland. Vi trenger dere! Tilbake får dere innsikt i problemstillinger, sosialt nettverk og lærerike arenaer. Likedan har vi alle en jobb å gjøre framover med å bevisstgjøre hvor viktig det er at alle utøvere av bondeyrket er medlemmer av bondelaget. Bondelaget er vår fagforening og vår interesseorganisasjon.

Hordaland er et flott fylke. Det bor mange her og flere kommer til. Målet må være å beholde og øke matproduksjonen i framtida også her. Faktorer som er viktige for å få dette til er forutsigbare rammevilkår som gir en inntekt i forhold til arbeidsmengden, gode investeringsvirkemidler, kunnskap og kompetanse, godt samarbeid med Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Innovasjon Norge Hordaland, Hordaland Bonde og Småbrukarlag, Hordaland landbruksrådgivning og ikke minst realisme (optimisme) at vi vil dette og at vi kan få det til.

Vi går en spennende vår og høst i møte. Først jordbruksforhandlingene og så Stortingsvalget. Vil vi få se om vårt brudd i jordbruksforhandlingene i fjor og påfølgende aksjoner gir et godt nok tilbud fra staten? Vil vi få se om vår innsats med å synliggjøre de ulike politiske partiene sine holdninger til landbruk og matproduksjon bærer frukter? Vil vi få se om det blir debatt om matpolitikk i valgkampen?

Tilslutt vil jeg takke for to fantastiske, lærerike, begivenhetsrike og arbeidsomme år som leder i Hordaland Bondelag. Jeg ville ikke ha vært dem foruten.

Clara Hveem

Styret i Hordaland Bondelag 2012

Verv	Namn og adresse	Tlf/ mobil/e-post
Leiar:	Clara A. Hveem, Generalsvingen, 5454 Sæbøvik	951 54 599 clara@hveem.no
Nestleiar:	Turid Bjørndal Njåstad, Låstad, 5282 Lonevåg	56 39 24 59 / 917 65 853 turidbn@gmail.com
Styremedlem:	Lillian Hovstad, Hovstad, 5419 Fitjar	53 49 91 46 / 47260429 lillianhovstad@hotmail.com
Styremedlem:	Arild Nydegger Øvre-Eide, Øvre-Eide 36, 5105 Eidsvåg i Åsane	90 84 34 12 ovre-eid@online.no
Styremedlem:	Leif Arne Lirhus, Myrkdalsveien 733, 5713 Voss	90 88 48 49 larne-li@online.no
Frå HBU:	Ragnhild Tennebekk Bjørke, Bjørkev. 121, 5700 Voss	97 79 68 33 ragnhild_tb@hotmail.com
Frå HBK:	Liv Spilde, Bjørgav. 110, 5700 Voss	56 51 79 45 / 975 33 364 livspi@online.no
1. vara:	Terje Larssen, Sekse 5773 Hovland	53 66 19 01 / 994 81 135 t-larss3@online.no
2. vara:	Rannveig Hjelmeland, Landavegen 242, 5464 Dimmelsvik	53 48 01 38 / 911 88 232 rahjelm@gmail.com
3. vara:	Frøydis Haugen, Fonnebostvegen 15, 5955 Lindås	48 28 86 69 froe-ha@online.no

Administrasjonen:

Post- og besøksadresse :	Krokeidev 13, 5244 Fana
Telefon:	55 91 88 80
Elektronisk post:	hordaland@bondelaget.no
Internett:	www.bondelaget.no/hordaland

Organisasjonssjef:	Lars Peter Taule	55 91 88 81/ 90 85 85 55 lars.peter.taule@bondelaget.no
Rådgjevar:	Geir Totland	55 91 88 83/ 99 64 26 00 geir.totland@bondelaget.no
Førstekonsulent:	Maria Makloufi Skjold	55 91 88 80/ 93 49 30 78 maria.skjold@bondelaget.no
Dagleg leiar i Landbrukstunet Kompetanse: Tore Henrik Øye		55 91 88 85/ 91 12 73 37 tore.henrik.oye@bondelaget.no

I desember flytta Hordaland Bondelag og resten av Landbrukstunet til nye lokale i Krokeidev 13. Vi har kontor i 2. etg på Kiwi-butikken, ikkje så langt frå Fana kirke.



Clara Hveem og Lillian Hovstad frå styret saman med utsendingar frå Sunnhordland på leiarmøte på Island. Frå høgre: Reidar Kloster, Rune Aasheim, Torunn Eikeland, Frode Handeland og Albert Eikeland.



Administrasjonen:
*Organisasjonssjef Lars Peter Taule, førstekonsulent
Maria Makloufi Skjold, rådgjevar Geir Totland og dagleg leiar i
Landbruksstunet Kompetanse, Tore Henrik Øye.*

UTVAL OG REPRESENTASJON 2012-2013

Utval i Hordaland Bondelag

Arbeidsutval:	Leiar, nestleiar og organisasjonssjef
Verveutval:	Turid Njåstad, Lillian Hovstad, fylkeskontoret

Hordaland Bondelag sin representant i: (oppnemnd av andre)

Styret i Norges Bondelag:	Nils T. Bjørke
Grøntutvalet i Norges Bondelag:	Terje Larssen
Inn på Tunet-utvalet i Norges Bondelag	Reidar Konglevoll
Innovasjon Norge, Hordaland:	Clara Hveem
Verveutvalet i Norges Bondelag	Clara Hveem
Landsrådet for HV	Clara Hveem
Rådet for dyreetikk	Clara Hveem

Hordaland Bondelag sine utsendingar til:

Årsmøte i Hordaland Bygdekvinnelag:	Lillian Hovstad, lokallagsmedlem
Årsmøte i Hordaland Bygdeungdomslag:	Lillian Hovstad, Arild N. Øvre-Eide
Årsmøte i 4H Hordaland:	Arild N. Øvre-Eide, Maria M. Skjold

Hordaland Bondelag sin representant i: (oppnemnd av styret i Hordaland Bondelag)

Styret i Landbrukstunet Kompetanse	Clara Hveem, Turid B. Njåstad, L.P. Taule
Styret i HBK:	Turid B. Njåstad. Vara: Lillian Hovstad.
Styret i HBU:	Liv Spilde. Vara: Lillian Hovstad
Samarbeidsrådet for landbruk:	Clara Hveem. Vara: Turid B. Njåstad
Kontaktutval – Gjensidige:	Turid B. Njåstad og org.sjef
Stiftinga Hordaland Landbrukselskap:	Clara Hveem
Innovasjon Norge, Hordaland:	Clara Hveem
Referansegruppe KSL/Matmerk:	Lillian Hovstad, Terje Larssen, kontoret
HV-distriktsråd:	Asgeir Nøttveit Vara: Arild N. Øvre-Eide
Matfestivalen	Clara Hveem, Org.sjef, Arild N. Øvre-Eide
Vassregion Vestlandet	Lars Peter Taule, Maria Makloufi Skjold
Grøntutval Vestlandet:	Terje Larssen
Kulturlandskapsgruppa (Styringsgruppe Regionalt miljøprogram):	Clara Hveem, org.sjef. Vara: Turid B. Njåstad
Råd, Arbeidstilsynet reg. Vest	Geir Totland, (vara Olav Sande, Rogaland)
Unge, Bygda og Landbruket (FMLA)	Maria Makloufi Skjold
Storfeprosjektet	Leif Arne Lirhus
Hardangerkonferansen	Terje Larssen
Vassdragsgruppa i prosjekt Hardangerfjord	Maria M Skjold, vara Tore Henrik Øye
Vannområder:	Frøydis Haugen, Bjørne Røthe, Bjarte Naterstad, Sjur Tarjei Fykse og Arild Nydegger Øvre-Eide
Beiteutvalet	Turid B. Njåstad

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET, 2012 (redigert utdrag)

Årsmøtet vart halde på Rosendal Fjordhotel, 16 -17. mars

DAG 1

Ordførar i årsmøtet, Jostein Hellestveit, ønskte velkommen. Kulturinnslag ved studentar ved Sunnhordland Folkehøgskole. Årsmøtet vedtok å sende ei blomehelsing til æresmedlemene.

Helsing frå varaordførar i Kvinnherad kommune, Elisabeth Eide Tharaldsen.

Moment var god investeringsvilje i landbruket i Kvinnherad, småkraft og hjort. Ho fekk eggekartong frå bondelaget sin påskekampanje etter helsinga (*bilete*).



Elisabeth Eide Tharaldsen

Namneopprop ved organisasjonssjef Lars Peter Taule. Årsmøtet samla 43 utsendingar frå 31 lokallag og 22 gjester.

Årsmøtesak 1. Godkjenning av innkalling

Vedtak: Godkjent

Årsmøtesak 2. Godkjenning av sakliste

Vedtak: Godkjent

Årsmøtesak 3. Val av to personar til å skrive under møteprotokollen

Vedtak: Kjetil Mehl og Ann Jorunn Farestveit skriv under.

Leiaren sin tale til årsmøte, v/ Clara Hveem

Moment:

Bodstikkestafetten, mange gode resolusjonar om landbruk frå fleire av partia sine landsmøte og forventningar til jordbruksforhandlingane, som ikkje innfridde heilt.

Matkjedeutvalget sin rapport og Landbruks- og matmeldinga var også tema.

For året 2012 hadde ho desse momenta: Bygge vidare på kontaktnettet frå

Bodstikkestafetten, positiv MMI spørreundersøking om jordbruk må nyttast, vi **skal** ta vår del av den varsla auka i matproduksjonen i takt med folketalsveksten (landbruksmeldinga), verving, Landbrukstunet Kompetanse, framsnakke dei som oppnår gode resultat både økonomisk og produksjonsmessig, stille opp ved aksjonar og støtte lokallagsarbeidet. Lokallaga er svært viktige!



Clara Hveem

”Det er bruk for dere og det betyr mye hva dere gjør—for den enkelte bonde, for bygda, for Hordaland Bondelag og for Norges Bondelag”.

Ordsifte

Turid B. Njåstad: Er vår oppfatning av kva som er distrikt/næringsssvake den same som resten av samfunnet oppfatar som distrikt?

Lars Istad: Landbruksmeldinga inneheld mange gode intensjonar, vi kan sjå lysare tider dersom dette vert oppfylt. Alle mjølkeprodusentar må produsere kvoten fordi det kan bli mangel på m.a. ost

Hans Arne Breivik: I Hordaland bur vi på gullkysten for landet. Korleis skal landbruket manøvrere i dette? Korleis skal landbruket her få det løftet vi treng? Bodskapen om at det er inntekt som trengst må spissast. Ressursen BEITE må brukast. Vi står i fare for å få varig stor mangel av sau- og storfekjøt.

Bjarte Naterstad: Oppfordring om å bruke dei kunnskapane som m.a. er tilgjengelig i Landbruksrådgevinga.

Jostein Ljones: Om landbruksmeldinga og dei ambisjonane som ligg der. Det har vore ein god utvikling i inntektsnivået og SP har store ambisjonar for tida framover. Korleis legg vi til rette for at vi skal få ønskja utvikling for jordbruket?

Lars Rydland: Om MMI undersøkinga – korleis skal politikarane ta omsyn til denne? Kvifor ikkje kvoteleige for samdrifter? Om verving – kvifor skal det vere så breitt medlemsgrunnlag. Blir dette m.a. eit problem med medlemmer som til dømes ønskjer å selje jordbruksjord.

Debatt utanom årsmøtet

Utfordringar og moglegheiter for Vestlandsjordbruket innanfor ramma av ny Stortingsmelding. Nasjonal politikk for å styrkje matproduksjon og distrikt

I panelet satt Clara Hveem, Brita Skallerud, nestleiar i Norges Bondelag, og Steinar Dvergsdal, som steppa inn for statsvitar Svenn Arne Lie (melde avbod grunna sjukdom).



Brita Skallerud, Steinar Dvergsdal og Clara Hveem

Raud tråd:

- Importvern, skape og utnytte handlingsrom
- Pris korn/kraftfôr vis à vis gras/grovfôr
- Forholdet mellom tilskot og marknadspris

Dette punktet på dagsorden er utanom årsmøtesakene og blir ikkje referert i protokollen.

Open Post

Tore Henrik Øye, dagleg leiar i Landbrukstunet
Kompetanse orienterte om tiltak og planar.

Steinar Dvergsdal, Agrol: Orienterte om medlems-
tilbodet, med oppmoding om å setje seg inn i dette.



Olav mottek prisen for Årets lokallag

Årsmøtemiddag

Uskedalen Bondelag vart heidra som årets lokallag i Hordaland. Leiar Olav Hjetland Bringedal mottok løfte om kr. 10.000,- for den innsatsen laget gjorde i 2011.

DAG 2

Jordbruksforhandlingane — strategi og tiltak

Brita Skallerud:

- Oppkøyringa til jordbruksforhandlingane er i gong. Alle uttalar og innspel til forhandlingane blir lesne av styret.
- Vi må erkjenne at produksjonseffektiviteten pr. daa er nedadgåande. Mellom anna er grøfting ei utfordring.

Clara Hveem:

- Bakgrunnen for kravet til Hordaland Bondelag er at det er gap som må tettast. Dette arbeidet må prioriterast.

Aksjonsberedskap, v/ Lars Peter Taule

- Presentasjon av påskekampanjen med godt trykk!

Ordskifte:

Bente J. Øpstad: Kor sterkt har Finansdepartementet lagt rammer for det som er mogeleg å oppnå i forhandlingane? Er det andre måtar å gjere jordbruksforhandlingane på? Bør forhandlingane leggest om?

Hans Arne Breivik: Synest næringa har vore for mykje pusekattar. Må stålsetje oss og krevje det vi må ha.



*Lars Peter Taule
presenterte påskekampanjen*

Reidar Konglevoll: Tok opp temaet om å lukke møtet for pressa.

Vedtak: Møtet vart lukka for pressa i 10 minutt. Peika på behovet for klare aksjonar, og ønskte slik som blokkering av matmjølanlegg.

Anne Holter Vae: Det er viktig med stimuli for bruk av beite/utmark, derfor viktig å stimulere til storfekjøttproduksjon. Kva med ein kollektiv streik frå alle tillitsvern - frivillige organisasjonar, politisk og liknande? Viktig med aksjonsformer som skapar merksemd og ikkje sinne.

Frøydis Haugen: La gode idear om aksjonar bli spreidd på f.eks e-post, slik at vi ikkje må finne opp hjulet på nytt.

Clara Hveem: Lodda stemninga om aksjonsvilje – den var tilstades.

Svar frå Brita: Om vi kan gjere noko med ordninga i Finansdepartementet. Det er eit langsiktig arbeid for å få opp rammene.

Svar frå Clara: Vi skal kjempe på dei rette tidspunkta – eitt av dei er no!

Open Post

Liv Spilde, HBK: Orienterte om Bygdekvinnelaget sitt arbeid.

Reidar Konglevoll: Bondelaget bør diskutere og ha ei meining om bu- og driveplikt. Gjensidige – polisepremiane er for dryge. Andre selskap konkurrerer dei ut. Fekk replikk frå organisasjonssjef Lars Peter Taule, med svar om arbeidet i samarbeidsutvalet (SU). Strategi for prissetting, risikovurdering og marknadsdelar.

Lars Mæle: Tidspunkt for gjødselspreiing. Ber om erfaringar for utviding av spreietidspunkt.

Kolbjørn Taklo: Oppfordring til strekk. Informerte om LHMS og takka for invitasjonen til årsmøtet.

Magnar Nese: Aksjonsform: Er etter kvart klar for sterkare aksjoner – kva med aksjonar på facebook eller Youtube? Har nokon gode idear?



HMS-strekk

Foredrag: Kvifor samvirke? av Tineleverandør Tor Inge Eidesen.

Årsmøtesak 4. Innkomne saker

Ingen innkomne saker. Maria Makloufi Skjold leia årsmøtequiz.

Årsmøtesak 5. Årsmelding

Turid B. Njåstad presenterte årsmeldinga. Bente Øpstad: Om Bergen Internasjonale filmfestival – kva filmar vart presentert?

Vedtak: Årsmeldinga godkjent

Årsmøtesak 6. Rekneskap

Geir Totland presenterte rekneskapen for 2011 med eit underskot på kr. 37.111,-.

Vedtak: Rekneskapen vart godkjent med kr. 37.111,- i underskot som vert dekkja av eigenkapitalen.

Årsmøtesak 7. Budsjett

Terje Larssen presenterte budsjettet for 2012 med eit underskot på kr. 278.000,-. Desse ekstrakostnadene kjem frå kostnad med tur til Island og Framtidsbonden.

Reidar Konglevoll: Ønskte forklaring frå budsjettposten generelt som var vesentleg redusert. Ber om betre spesifisering komande år.

Vedtak: Budsjett vedteke med kr. 278.000,- i underskot som skal takast frå eigenkapitalen

Årsmøtesak 8. Arbeidsplan for Hordaland Bondelag 2012 - 2013

Arbeidsplanen vart presentert av Lillian Hovstad.

Vedtak: Arbeidsplanen godkjent med tillegg.

Det vart gjeve ekstra informasjon om leiar møte 2012. Tur til Island 27/9 – 1/10.

Årsmøtesak 9. Val

Leiar i valnemnda, Sigvard Hopland, presenterte valnemnda si innstilling. Etter opteljing var det 52 røysteføre årsmøtedelegatar. Resultat:

FYLKESSTYRET:

Verv	Namn	Kommune	Krins	Status
Leiar	Clara Hveem	Halsnøy	Krins 1	Attval
Styremedlem, 2 år	Arild N. Øvre-Eide	Bergen	Krins 2	Attval
Styremedlem, 2 år	Leif Arne Lirhus	Vossestrand	Krins 4	Ny
1. vararepresentant	Terje Larssen	Ullensvang	Krins 3	Attval
2. vararepresentant	Rannveig Hjelmeland	Kvinnherad	Krins 1	Attval
3. vararepresentant	Frøydis Haugen	Lindås	Krins 5	Ny

Nestleiar: Turid Bjørndal Njåstad.

Attval



Ragnhild T. Bjørke vann quizen

ORDFØRAR: Jostein Hellestveit (attval).
VARAORDFØRAR: Inger-Marie Vika (attval).
AKSJONSUTVAL: Styret i Hordaland Bondelag.

NYE ÅRSMØTEUTSENDINGAR, 2012 - 2013:
Rannveig Hjelmeland, Arild Nydegger Øvre-Eide og Leif Arne Lirhus.

(Årsmøteutsendingar valde i 2011, for 2011 og 2012. Terje Larssen, Turid Bjørndal Njåstad, Lillian Hovstad)

Varautsendingar til årsmøte Norges Bondelag i 2012:

1. Frøydis Haugen, krins 5
2. Bjørne Røthe, krins 4
3. Inga W. Rørlien, krins 4
4. Olav H. Bringedal, krins 1
5. Erik Willgohs, krins 1
6. Lars Peter Taule (organisasjonssjef)



Nye i styret: Leif Arne Lirhus og Frøydis Haugen

Godtgjersle:

Godtgjersla for telefonmøte bør gjerast om til 200,- kr pr. påbegynt time.

VALNEMND:

Krins	Fast representant	Vararepresentant	Status
1	Bjarte Naterstad	Erik Willgohs	Ny – valt for 2 år
2	Olav Botnevik	Jan Hauge	Ikkje på val
3	Sissel Opedal	Oddbjørn Borge	Ikkje på val
4	Johan Børsheim	Bjørne Røthe	Ny – valt for 2 år
5	Sigvard Hopland	Asgeir Nøttveit	Ikkje på val

Clara takka for dei nye oppgåvene og lova å stå på for hordalandsjordbruket.
Sjur Tarjei Fykse og Roar Angelskår vart takka for arbeidet i styret.

LOKALLAG OG MEDLEMSARBEID

Lokallaga i Hordaland

Hordaland Bondelag har i dag 39 lokallag. Med unntak av Fedje, er det minst eitt lokallag i alle kommunar. Lindås Bondelag fylte 100 år. Jubileet vart feira med festmiddag og besøk frå mellom anna leiaren i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke.

Aktive lokallag

Styret har utarbeidd retningslinjer og søknadsskjema for aktive lokallagsmidlar. Laga må ha aktivitet ut over ordinær drift for å få tildeling. Open Gard og annan aktivitet ovafor opinion og politikarar vert vektlagt. Potten i 2012 var på kr 50 000,-. Det var 12 lokallag som søkte om og fekk aktive lokallagsmidlar: Omvikdalen Bondelag, Alversund/ Seim Bondelag, Bergen Bondelag, Stord Bondelag, Sveio Bondelag, Austrheim/Lindås Bondelag, Eikanger Bondelag, Fitjar Bondelag, Bømlo Bondelag, Osterøy Bondelag, Uskedalen Bondelag og Fusa Bondelag.

Årsmøta i lokallaga

Hausten 2012 vitja tillitsvalde og tilsette i fylkeslaget 18 lokallagsårsmøte. Dette er ei prioritert oppgåve for fylkeslaget, og målet er at laga skal få vitjing minst annakvart år. I tillegg skal det ystast ekstra hjelp til lag som ønskjer å auke aktiviteten.



Aktivitetssdag i Uskedalen

Lokallaga i Hordaland Bondelag

2012/2013

Reg	Lokallagnamn	Namn	Stad	Mobil	E-post	Medl.tal
1	Etne Bondelag	Vidar Sørheim	ETNE	90537451	Vidar80@webmail.no	230
1	Sveio Bondelag	Frode Handeland	SVEIO	41215083	ahandel2@online.no	105
1	Bømlo Bondelag	Eivind Nesse	BREMNES	45614621	eivind.n@haugnett.no	48
1	Stord Bondelag	Torunn Eikeland	STORD	92428832	torun.eikeland@gmail.com	48
1	Huglo Bondelag	Erik Willgohs	HUGLO	90145359	willgohs@hotmail.com	20
1	Fitjar Bondelag	Reidar Kloster	FITJAR	95097620	hsaenvol@online.no	112
1	Varaldsøy Bondelag	Erling J. Skjelnes	VARALDSØY	90770037	terje.charles.aggvin@knett.no	20
1	Ornvikdalen Bondelag	Kjetil Mehl	DIMMELSVIK	98064163	kjmehl@online.no	149
1	Uskedalen Bondelag	Olav Hjetland Bringedal	USKEDALEN	41104745	olavhjetlandbringedal@gmail.com	58
1	Ølve/Hatlestrand Bondelag	Veronica K. Hellestveit	ØLVE	92411007	veronica.hellestveit@knett.no	43
1	Åkra Bondelag	Oddbjørn Sørheim	ÅKRA	90760349	oddbjorn.sorheim@knett.no	25
1	Halsnøy Bondelag	Anders Nordhus	FJELBERG	41206621	andersnordhus@hotmail.com	43
2	Bergen Bondelag	Arild Nydegger Øvre-Eide	EIDSVÅG I ÅSANE	90843412	ovre-eid@online.no	346
2	Tysnes Bondelag	Leif Magne Hovland	ONARHEIM	41212193	leif.magne.hovland@haugnett.no	40
2	Fusa Bondelag	Lars Inge Vik	Strandvik	918 57 854	lingevik@fusi.no	136
2	Samnanger Bondelag	Anne Frøland	TYASSE	91750242	torolf.f@online.no	18
2	Os Bondelag	Martin Lyssand	OS	97166690	martily@online.no	82
2	Austevoll Bondelag	Monica Drønen	STOREBØ	40870401		16
2	Sotra og Øygarden B.	Hans Arne Breivik	RONG	95744560	hansarne.breivik@online.no	45
2	Askøy Bondelag	Arvid Nese	ASK	90037726	beate@nese.no	34
3	Jondal Bondelag	Hans Olav G. Flatabe	KYSSNESTRAND	97146104	hans-of@frisurf.no	32
3	Odda/Røldal Bondelag	Kåre Johannes Aase	ODDA	91330136	kjaase@gmail.com	87
3	Ullensvang Hagebrukslag	Sissel J. Opedal	LOFTHUS	90870340	sissel@opedal.info	216
3	Strandebarm-Tørvikbygd B.	Annhild Oma	OMASTRAND	99459694	oma.annhild@gmail.com	102
3	Vikøy og Øystese Bondelag	Steinar Steine	NORHEIMSUND	995 13 709	steinar.steine@kvamnett.no	224
4	Ulvik og Eidfjord Bondelag	Stein Olav Kolås	ULVIK	95700849	okolaa@online.no	75
4	Granvin Bondelag	Inga Winjum Rørlien	GRANVIN	97571612	ingawr@hotmail.com	55
4	Voss Bondelag	Ole Jørgen Rio	SKULESTADMO	41564305	ojrio@hotmail.com	286
4	Bulken - Evanger Bondelag	Bjørne Røthe	VOSS	91330063	bjor-roe@online.no	71
4	Vossestrand Bondelag	Trond Olav Neteland	VO SSESTRAND	95702327	trond.olav@dcpost.no	104
4	Eksingedalen/Vaksdal B	Magnar Nese	EIDSLANDET	97588303	magnanes@online.no	59
4	Modalen Bondelag	Ann-Jorunn Farestveit	MODALEN	41645012	ann-jorunn-f@hotmail.com	21
5	Osterøy Bondelag	Lars Mæle	HAUS	47922869	la-mael@online.no	161
5	Meland Bondelag	Dagfinn Skare	FREKHAUG	91589331	todskar@online.no	58
5	Manger Bondelag	Kari Heggnes Kvammen	MANGER	90514303	f-kvamme@online.no	130
5	Austrheim / Lindås B.	Frøydis Haugen	LINDÅS	48288669	froe-ha@online.no	108
5	Alversund og Seim B.	Reidar Konglevoll	SEIM	92848980	seimgard@online.no	102
5	Eikanger Bondelag	Roar Angelskår	HJELMÅS	95205228	roar1972@live.com	68
5	Masfjorden Bondelag	Gerd Astrid W. Haugsvær	HAUGSVÆR			18

Medlemstal

Per 1. januar 2012 hadde Hordaland Bondelag 3 626 medlemmar. Ved utgangen av året var medlemstalet 3 596. Fylkeslaget hadde dermed nedgang i medlemstalet for første gong på mange år.

Regionmøta

Dei fire regionmøta vart haldne på Stord, i Bergen, på Lindås og i Granvin i januar, med deltaking frå 29 lokallag. Alle laga orienterte om lagsdrifta, og runden rundt bordet viste som vanleg god og variert aktivitet. Valnemnda var med på alle møta, og orienterte om arbeidet fram mot valet. Representantar frå fylkesstyret og administrasjonen deltok også. Mange saker vart tekne opp, mellom anna komande jordbruksforhandlingar, ny stortingsmelding, politikarkontakt, Framtidsbonden og praktisk lokallagsarbeid.

Leiarmøtet

Utsendingar frå 24 lokallag og gjester, til saman 60 deltakarar, reiste til Island i september. Turen gav høve for nettverksbygging mellom tillitsvalde, og var også ei form for premierung av tillitsvalde. På programmet stod gardsbesøk, leiarmøte og sightseeing.

Fint vær og den dyktige guiden Karvel Strømme gjorde sitt til at turen vart svært vellukka. Vitjinga på garden Bjarteyjarsandur var det stoppet som engasjerte mest. Her dreiv innehavarane med 600 vinterfôra sau, Inn på Tunet og reiseliv, tilrettelagt for camping og matservering. Hordalandsbøndene fekk informasjon om drifta og omvising på garden. Det vart også servert velsmakande kjøtsuppe av godt gammalt islandsk merke i gardsrestauranten.

I den formelle delen av leiarmøtet var det hovudvekt på landbrukspolitisk skulering, ved Brita Skallerud, 2. nestleiar i Norges Bondelag. Lokallagsleiarane fekk ei gjennomgang av politiske satsingsområde og strategiar som grunnlag for arbeidet lokalt. I tillegg til besøk i Den Blå Lagune og sightseeingsturen ”Den gyldne sirkel”, vart det også sett av tid til å ta seg ut på eiga hand. Fleire nytta høve til guida rideturar og andre spanande opplevingar.



Hordalendingane var svært nøgd med gardsbesøket på Bjarteyjarsandur. Her gir bonden omvisning i floren og nede ved stranda, der det m.a. er Inn på Tunet aktivitet.

Årets lokallag

Fylkeslaga i Norges Bondelag kårar kvart år "Årets lokallag", og vinnarane går vidare til den nasjonale konkurransen i Norges Bondelag. Styret i Hordaland kåra Uskedalen Bondelag til fylkesvinnar. Laget fekk ein pris på kr 10 000,-. I Norges Bondelag si kåring kom dei "på pallen" og fekk heiderleg omtale!

Årsmøtet i Norges Bondelag

Fylkeslaget stilte med åtte utsendingar på Lillehammer 13.-14. juni. Clara Hveem var tidleg ute i generaldebatten. Ho utfordra landbruks- og matministeren i salen om å gje ho noko som kunne motivere ho til å jobbe for at "dei rette" partia skal vere i posisjon også etter valet i 2013.



Hordalandsjengen

"Førstereisutsending" Frøydis Haugen hadde hordalandsbenken sitt andre innlegg i generaldebatten. Tema var rekruttering og rammevilkår. Frøydis peikte på at staten investerer mange milliardar i oljeindustrien kvart år, men at det same slettest ikkje gjeld landbruket. Det petrofile næringslivet tilbyr arbeidsplassar med høg status, inntekt og ungdomstekke. Kva vert mest utslagsgjevande; interessa og engasjementet for landbruket, eller ein jobb med høg løn og ordna arbeidstid? spurde ho.

Nils T. Bjørke refererte til Frøydis i si oppsummering av generaldebatten ved å streke under at Staten må investere i framtida, i staden for å bruke "alt" på det petrofile. Bjørke ble attvald som leiar av Norges Bondelag med 164 av 164 stemmer.

Æresmedlemer

Æresmedlemskap er ei heider til personar som har gjort spesielt godt arbeid for organisasjonen og medlemane. Anna Sylvia Haukås frå Bergen og Kari Valland frå Kvam er æresmedlemer i Hordaland Bondelag.

I vår gjekk æresmedlem Knut A. Dugstad frå Voss bort. Knut hadde mange tillitsverv, men det var bonden og bondens kår som opptok han mest. Han var med i bondelaget lokalt, og han satt også i representantskapet i Norges Bondelag frå 1969 til 1977.

Etter fem år som fylkesleiar i Hordaland Bondelag (1976 – 1981), vart Knut valt inn i styret i Norges Bondelag. Der satt han fram til 1987. Same år vart han æresmedlem i Hordaland Bondelag. I tillegg til verv i Bondelaget, var Knut engasjert i Vestlandske Salslag. Han var rådsmedlem frå 1966 – 1990 og ordførar dei siste 11 åra.

POLITISK OG UTADRETTA ARBEID

Open Gard

Open Gard er eit årleg, landsomfattande arrangement, og i år var den nasjonale dagen 26. august. Arrangementet er ein arena for oppleving, kunnskapsformidling og kontakt med publikum, med ungane og dei gode opplevingane i sentrum.

I Hordaland skapte fem arrangement med til saman 2000 gjester liv og røre på gardstuna. Aktivitetar som høypopping, ridning, "traktorkøyring" og mjølkespannhalding gjorde dagen til eit høgdepunkt. Innimellom øktene vart det tid til grillmat og anna servering.

Desse arrangerte Open Gard: Omvikdalen Bondelag, bondelaga i Lindås, bondelaga i Kvam, Sveio Bondelag og Os Bondelag. Voss Bondelag og Bulken/Evanger Bondelag hadde sitt arrangement på Voss jordbruksskule om hausten.

Andre liknande arrangement er Etnemarknaden og "Markens Grøde", som høvesvis Etne Bondelag og Fusa Bondelag er med å arrangerer. Stord Bondelag er engasjert i Skogdagen i Leirvik, og Osterøy Bondelag gjorde ein stor innsats under "Landbruksdagane". Granvin Bondelag var også med på landbruksdagar. Fitjar Bondelag hadde dyreutstilling under Fitjarfestivalen, medan Uskedalen Bondelag deltok på Aktivitetsdag for bygda. Modalen Bondelag medverka under Modalsdagane, der dei mellom anna demonstrerte sauegjeting med hund.



Liv og røre på Open Gard på Leknes i Lindås

Brosjyrer om landbruk

Med hjelp frå fylkeskontoret har fleire lokallag laga brosjyre om landbruket i kommunen. Bondelaga i Kvam sin brosjyre har tittelen "Kvam - landet langs fjorden, vakkert og grøderikt". Brosjyren vart distribuert som innstikk i Hordaland Folkeblad.

Også Bergen Bondelag, Fusa Bondelag, Granvin Bondelag, Osterøy Bondelag og bondelaga i Kvinnherad har laga brosjyre i 2012.

Jordbruksforhandlingane

Lokale studieringar og samråingsmøte

Mange av lokallaga gjennomførte den årlege studieringen framfor forhandlingane. 21 lokallag kom med skriftlege innspel til Hordaland Bondelag sin uttale.

På vegne av Samarbeidsrådet inviterte Hordaland Bondelag landbruksorganisasjonane til drøftingsmøte om forhandlingane. Elleve organisasjonar sendte skriftlege innspel til bondelaget i etterkant av møtet. Innspel frå lokallag og organisasjonar danna grunnlag for diskusjonane og den endelege uttalen som fylkeslaget sendte til Norges Bondelag.

Påskekampanje

Under den nasjonale aksjonsdagen rett føre påske, ønskte Bondelaget god påske med ferske egg og klart budskap: Ingen egg utan høner, ingen mat utan bønder. Hordaland Bondelag arrangerte påskemoro saman med Hordamuseet på Stend. Både Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen og 770 besøkande fekk egg og kampanjemateriell. Fylkesordføraren fekk i tillegg frukost og ein prat om norsk landbruk. Aktivitetar som påskeeggmaling og sprellhøns var svært populært blant barnefamiljar.

Lokallaga delte ut påskeegg med budskap til politikarar; Stord Bondelag smugla til og med inn egg på eit kommunestyremøte. Mange delte ut egg på ferjekaien, i butikken og andre eigna stader. Det vart ein positiv kampanje med god pressedeckning.



Resultat

Bøndene hadde store forhåpningar til Statens tilbod, og skuffelsen var stor då tilbodet ikkje ga tilnærma lik kronemessig inntektsutvikling som andre grupper i samfunnet. Bondelaget fann ikkje grunnlag for å forhandle, og braut med Staten.



Spontanaksjon: Ordførar Synnøve Solbakken fekk ku på døra

Spontanaksjonar

Over heile landet markerte bøndene brotet med spontane aksjonar. I Hordaland spratt det opp plakatar og rundballar med bodskap om misnøye med Staten og regjeringa. I Bergen spreidde fire traktorar i kolonne mjølk frå tankvogner og senka trafikken i Kanalveien. På Radøy vart ordføraren kidnappa, medan ordføraren i Kvinnherad fekk ei ku på døra. Også i resten av fylket var det ulike aksjonar. Mange av desse vart omtalt på TV og i aviser, lokalt og nasjonalt. På nettsida til Hordaland Bondelag linka vi til 15 nettoppslag om aksjonane, pluss fleire videoinnslag. I tillegg kjem dekning i papiraviser.



Aksjon på Voss

Blokkering av Vaksdal mølle og brødaksjon

For å vise at norsk mat ikkje er ei selvfølge, blokkerte bøndene utkøyring av matmjøl til bakeria i Norge. I Hordaland blokkerte bøndene Norgesmøllene i Vaksdal og kjøpte opp brød i butikkar under slagordet: "Tilbudt smuler, stopper brødet". Forbrukarane tømde sjølv hyllene for brød fleire stader, og blokaden kombinert med brøddoppkjøpet skapte massiv pressedekning. Bodskapen kom tydeleg fram!



Bergen Bondelag hamstrar brød

Opptog for auka norsk matproduksjon

I samband med brotet i forhandlingane, reiste omlag 80 engasjerte hordalendingar med buss og tog til Oslo for å delta i "Opptog for auka norsk matproduksjon", arrangert av Norges Bondelag. Etter ei lang reise nådde hordalendingane Oslo om morgonen den 21 mai, og fekk god tid til rigging av banner og plakatar.

Med ropert, kubjeller og flotte plakatar var dei godt synlege i Oslo sine gater. Tilsaman 2000 bønder aksjonerte denne dagen.

Det kom mange positive tilbakemeldingar frå tilskodarar som oppheldt seg langs vegen. Toget passerte Stortinget, og utanfor statsministeren sitt kontor heldt Nils T. Bjørke, Merete Furuberg (Bonde- og Småbrukarlaget) og fleire andre appellar. Det var ein fantastisk tur som viste at bøndene meiner alvor og er engasjerte i framtida!



Aksjonistar frå Hordaland

Ny landbruksmelding: Velkommen til Bords

Hordaland Bondelag sendte høyringssvar om den nye landbruks- og matmeldinga til Norges Bondelag. I februar samarbeidde fylkeslaget med Bergen Sp og Hordaland Sp om møtet "Mat frå Vestlandsjordbruket; auka matproduksjon politisk ansvar". Om lag 70 tilhøyrarar benka seg for å høyre landbruksminister Lars Peder Brekk, Per Olaf Lundteigen, Kjersti Toppe og leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke.

Utfordringa til Brekk var: *Ny stortingsmelding - garanti mot matmangel?*. Ministeren la i dette høve vekt på at Norge treng mykje meir mat i framtida, og hevda at meldinga har svært ambisiøse mål om matproduksjon. Ordskiftet etterpå synte at ikkje alle var overtydd om at meldinga har gode nok verkemiddel for å nå dei velmeinde måla.



Landbruksminister Brekk og Clara Hveem

Fleire lokallag arrangerte temakveld om den nye meldinga, mellom anna i Hatlestrand, der Gunn Jorunn Sørum frå Norges Bygdeungdomslag innleia. Clara Hveem og Tore Henrik Øye representerte fylkeslaget.

Ny landbruksminister på tur til Hordaland

Landbruks- og matminister Trygve Slagsvold Vedum vitja Hordaland 19. november i regi av Hordaland Senterparti og Fylkesmannen. Han var innom mjølkebruket til Helge Henanger i Meland, sauebruket til Nils Inge Hitland i Åsane, foredlingsbedriften til Jørn Hafslund på Krokeide og Neteland Samdrift i Steinsdalen.



Landbruksministeren med Nils Neteland, Clara Hveem og Jostein Ljones

På kvelden var det folkemøte i Dalatun, som samla i overkant av 70 deltakarar. Bondelagsmedlemer og tillitsvalde frå heile fylket fann vegen til møtelokalet. Mange tok ordet og framførde gode innlegg og spørsmål.

Internett og sosiale medier (www.bondelaget.no/hordaland)

Hordaland Bondelag har nettside under bondelaget.no, der fokuset ofte er lokal aktivitet. Hordaland Bondelag har ei facebookside som vert nytta til nyhende, diskusjonar og nettverksbygging. Hordaland Bondelag er også på twitter: @Hordalandbonde.

Inn på Tunet (IPT)

Norges Bondelag har eit IPT-utval, der Hordaland er representert med Reidar Konglevoll. Utvalet skal sikre IPT-produsentane sine interesser, og gje råd til styret i Norges Bondelag. Hordaland Bondelag held kontakten med Fagforum Inn på tunet Hordaland, og deltek på ulike møte med Inn på tunet som tema. Arild Nydegger Øvre-Eide er Hordaland Bondelag sin Inn på Tunet kontakt regionalt.

Politiske parti

Hovudprioritet for det politiske arbeidet i 2012, var å få på plass ein ny mat- og landbruksmelding med tydelege mål og ambisjonar. Styremedlem Arild N. Øvre-Eide og nestleiar Turid B. Njåstad var i lag med organisasjonssjefen til Oslo og møtte Stortingsbenken 8. februar. I mars hadde fylkesleiar Clara Hveem og organisasjonssjefen møte med fylkesvaraordførar Mona Hellesnes (V) på hennar kontor.

AU fekk òg eit svært interessant og utbytterikt møte med familien Nilsen under påskemoro. Både fylkes-ordførar Tom-Christer, Oddvard (far og tidl. Stortingsrepresentant) og Torill (mor tidl. fylkespolitikar og leiar for landbruksnemnda) var med. Det vart her gjort mange spenstige tankespinn. Fylkeslaget har også hatt anna politisk kontakt, m.a. fekk bondelaget møte i Hordaland Senterparti sitt styremøte i november.

UNGDOM OG REKRUTTERING

Rekrutteringsarbeid er ei høgt prioritert oppgåve for Hordaland Bondelag, som har samarbeidd med lokallaga og Landbrukstunet Kompetanse om fleire tiltak.

Felles framtid

Lars Peter Taule vitja OD-dagen på Laksevåg videregående skole for å snakke om matproduksjon lokalt og globalt. Temaet på dagen var "Felles framtid", og Hordaland Bondelag var invitert til å snakke om "Verdens matvaresituasjon - hvorfor produsere mat i Norge?". Føremålet med dagen var mellom anna å inspirere elevane til å arbeide på tvers av landegrenser og å engasjere seg i utfordringar lokalt og globalt.

Landbruket rular

Korleis vil elevar på ungdomsskular og videregående skular i Hordaland framstille næringa vår? Det var utgangspunktet for Hordaland Bondelag sin filmkonkurranse, "Landbruket rular". Elevane vart utfordra til å lage ein kreativ filmsnutt med humoristisk vri. 15 år gamle Håvard Berge frå Eksingedalen gjekk til topps i knivskarp konkurranse. "Mellom bakkar og berg" er ein gjennomført film som skapar entusiasme og gode følelsar, var juryen sin dom. Det kom inn 20 innslag i alt.

Andre- og tredjeplassen gjekk høvesvis til "Forelsket i landbruket" og "Bli fagmann for f#%!!!!". Begge filmene er lagde av elevar på Vg2, media og kommunikasjon ved Garnes videregående skule. Premieutdelinga fann stad på skulen, der Christian Kamhaug frå Gambit heldt faginnlegg om sosiale media. Konkurransen vart gjennomført i samarbeid med Landbrukstunet Kompetanse.



Første, andre og tredjeplass i "Landbruket rular"

Landbruksspelet

"Landbruksspelet - bonde for ein dag" er eit pedagogisk opplegg der elevane får høve til å drifte ein gard som sin eigen. Dei får sjå kva for utfordringar drifta byr på gjennom året. I Lindås sytte fem godt førebudde rettleiarar frå Austrheim/Lindås Bondelag for at over 40 tiandeklassingar ved Lindås ungdomsskule kunne gjennomføre spelet. Spelet er utarbeidd av BSF Nord Trøndelag og vert i dag formidla av Studieforbundet næring og samfunn. Føremålet er å informere om norsk landbruk på ein morosam og motiverande måte. Spelet er lagt opp som gruppearbeid for 10. klasse, med intensjon om læringsutbytte i fleire fag.

I tillegg til Austrheim/Lindås Bondelag, har Granvin Bondelag og Etne Bondelag gjennomført spelet fleire gonger. Andre interesserte lokallag kan ta kontakt med Landbrukstunet Kompetanse.

Skulebesøk

I løpet av året har bondelaget besøkt Nysæter ungdomsskule (Stord), Søfteland ungdomsskule og Kvam ungdomsskule. Besøka tok utgangspunkt i faget ”Utdanningsval” og elevane si interesse for naturbruk som utdanningsretning. I dette høve informerte vi om landbruket som næring og arbeidsplass.

Lokallaga gjennomførte besøka i lag med Landbrukstunet Kompetanse. Praktisk og yrkesretta informasjon vart vektlagt, med fokus på utdannings- og jobbmogelegheiter. Elevane fekk høyre om trongen for flinke fagfolk og landbruket som ein gjevande arbeidsplass. Verdien av landbruket lokalt, med bonden som lokal matprodusent, vart også trekt fram. På Stord inngjekk besøk på garden til Margareth Ottesen Mjønes i opplegget.

Praktisk opplæring

Fylkeslaget tek del i tiltak som involverer ungdom i praktisk gardarbeid. Intensjonen er at ei slik utprøving skal stimulere interessa for landbruket i yrkessamanheng.

Bergen katedralskole på gardsbesøk

Den 7. og 8. mai vitja 120 elevar garden til mjølkebonde Lars Istad på Voss. Vitjinga kom i stand etter initiativ frå skulen, og var knytt til faga geografi og samfunnsfag. Føremålet var å få innblikk i landbruket som næring og bonden sin kvardag. Elevane fekk omvising i floren og føredrag på låven. Landbrukstunet Kompetanse organiserte gjennomføringa. Skulen ønskjer å kome attende neste år.



Klare for floren

Ordning med vertsbønder er eit tilbod for ungdomsskuleelevar ved Førde skule (Sveio) og Granvin skule som ønskjer å prøve gardsarbeid i ”arbeidsveka”. Frode Handeland er vertsbonde i Sveio, og Inga Winjum Rørlie i Granvin. Frode har til no hatt ein elev i praksis. Ordninga held fram i 2013. Det er løyvd RULL-midlar til opplegget.

Ordning med praksisvertar

I denne ordninga får elevar ved Stend vgs. tilbod om praktisk opplæring på gard, med Olav Botnevik og Martin Lyssand som vertsbønder. Utplasseringa er knytt til faga ”Naturbasert produksjon” og ”Produksjon og tjeneteyting”. Opplegget er utarbeidd i løpet av 2012, og vil bli gjennomført i 2013. Fem elevar skal vere i praksis i inntil 50 timar/elev. Tiltaket er eit samarbeid med Landbrukstunet Kompetanse og Stend vgs.



Olav Botnevik og Martin Lyssand

Trygg på jobb, med landbruk som eksempel

”Trygg på jobb” er eit heildagstilbod for ungdomsskulen som lokale bondelag kan gjennomføre. Temadagen er ein skuleversjon av kurset Praktisk HMS-arbeid, og initiert av Norges Bondelag m.fl. Målet er å gje elevane kunnskap om trygt arbeidsliv, samt kjennskap til yrkesmogelegheiter i landbruket.

Fylkeslaget har informert skular i Hordaland om opplegget, og det er planar om gjennomføring på Strandebarm ungdomsskule i 2013.

No è da min tur III

Hordaland Bondelag deltok i førebuing og gjennomføring av rekrutteringskonferansen, som vart arrangert i Kinsarvik 16. og 17. november. FMLA var hovudarrangør. Om lag 90 frammøtte og mange gode innlegg, førte til ein vellukka konferanse.

Proflering av landbruket som næring

Hordaland Bondelag har trekt vekslar på prosjektet ”Velg Landbruk” i profilerings-samanheng. Vidare har vi kontakta samvirke-organisasjonane, naturbruksskulane og andre i landbruksfamilien om nettverksbygging og samarbeid.

gjensidige.no/landbruk



BENYTT DEG AV DINE MEDLEMSFORDELER



Vi kjenner bondens hverdag og følger nøye med i utviklingen i landbruksnæringa. Vi har god kompetanse på nye næringsvirksomheter knyttet til landbruket.

Alle de store organisasjonene i landbruket har fornyet sitt samarbeid med Gjensidige i langsiktige avtaler. Over 70 % av alle bønder i Norge er forsikret hos oss.

Vi jobber med helse, miljø og sikkerhet og forebygging av skader for at du skal være trygg i hverdagen. Ditt engasjement i HMS gir deg trygge omgivelser og bedre og billigere forsikringer.

Bruk medlemsfordelene dine og få gode rabatter og fordeler du også.

Kontakt oss på 03100, se gjensidige.no/landbruk eller kom innom vårt kontor.

ARBEID I FYLKESLAGET

Kontorfellesskapet på Landbrukstunet

Hordaland Bondelag har kontor ved Landbrukstunet i Fana, Bergen. Her har vi eit godt fellesskap med Norsk Landbruksrådgiving Hordaland, Norsk Landbruksrådgiving Veksthus og FanAgro. Nytt av året er at vi har flytta frå Stend til Krokeidevn 13, sidan Fylkeskommunen skal nytte dei gamle lokala til undervisning. Vi har òg fått ein ny kollega, Kari des Bouvrie. Ho er bygningsrådgjevar i Tine.

Styremøte

I 2012 hadde fylkesstyret 8 styremøte og 3 telefonmøte. Styret handsama 53 saker.

Arbeidsplan 2012 - 2013

Arbeidsplanen vart vedteken på årsmøtet, og byggjer på visjonen ”*Vi får Norge til å gro*”.

Utdrag:

Hordaland Bondelag skal arbeide for å ivareta landbruket og medlemene i Hordaland sine interesser på ein best mogeleg måte. Målet er å fremje eit bærekraftig landbruk som sikrar mat, miljø og levande bygder, og med det ein bærekraftig samfunnsutvikling. Hordaland Bondelag må til ei kvar tid vere budd til å ta opp viktige saker.

Arbeidsplanen formulerar konkrete mål. Utdrag:

Næringspolitikk

- Arbeide for å betre økonomien og rekrutteringa til vestlandsjordbruket.
- Arbeide for å auka landbruksproduksjonen i Hordaland.
- Delta aktivt i regionale prosessar for landbruk og miljø.
- Følgje WTO-arbeidet.
- Arbeide imot norsk EU-medlemskap.
- Fokus på handheving av bu- og driveplikta.

Organisasjon og kommunikasjon

- Ha god kontakt mot det politiske miljøet.
- Fokus på Landbrukssamvirket.
- Bruke ekstern informasjon for å synleggjere verdiskapinga i landbruket, organisasjonen sitt arbeid og oppnådde resultat.
- Gje born og vaksne kunnskap om norsk landbruk.
- Arbeide for Rekruttering, Likestilling og Kompetanse gjennom prosjektet. ”Framtidsbonden i Hordaland”.
- Forankre bygdenæringar og næringsutvikling i organisasjonen.
- Ha fokus på miljøplan og Landbrukets HMS-tjeneste.
- Brannførebygging og HMS-arbeid skal få ekstra fokus i 2012/2013.
- Internasjonal kontakt.

Samarbeidsrådet for landbruk Hordaland/Sogn og Fjordane

Leiar og organisasjonssjef representerar Hordaland Bondelag i Samarbeidsrådet. Ingunn Sognnes, Tine, er leiar i rådet. Sentrale aktivitetar i 2012 var felles møte med stortingsrepresentantane frå dei to fylka, samrådsmøte mellom ulike landbruksorganisasjonar i førekant av jordbruksforhandlingane, samt rådsmøte.

Utsendingar frå faglag og næringsorganisasjonar i Hordaland og Sogn og Fjordane møtte stortingspolitikarar frå fylka til informasjons- og meningsutveksling i februar. Målet med møtet er å sette landbruket og utfordringar på vestlandet i fokus. Frp, Krf, Sp, H og Ap stilte med representantar på møtet.

Støtte til bønder i andre land

Hordaland Bondelag støttar bønder i land der det ikkje alltid er mogeleg å få lån i banken. Støtta gis gjennom mikrolån, og vert formidla av organisasjonen KIVA. På KIVA sin nettstad kan ein lese om kva for produksjon bøndene har og kva dei vil nytte lånet til.

Dei fleste treng pengar til gjødsel og frø, eller dei vil kjøpe ei mjølkeku, kalvar eller sauer. Det er ei lita investering i norsk målestokk, men for bøndene i KIVA-programmet er det snakk om å overleve, og kanskje gi borna utdanning. Tilbakebetalingprosenten er på 98.8. Når bøndene har betalt tilbake låna sine, kan ein låne ut pengane på nytt til nye bønder.

HMS-dagen

Som Kick-off på HMS-kampanjen, arrangerte Hordaland Bondelag brannvernøving i samarbeid med Stend vgs., Landbrukets HMS-tjeneste, Gjensidige, Felleskjøpet, Tine, Nortura og brannvesenet.

Den landsomfattande kampanjen om tryggleik og helse i landbruket er i regi av Norges Bondelag og samarbeidspartar. Målet er ei markering i alle kommunane i landet.

Det var lagt opp til ei høgst realistisk øving, med røykutvikling, brannalarm, varsling, utrykking, røykdykking og evakuering

av dyr. Mannskap frå Bergen Brannvesen rykka ut, og undervegs fekk publikum informasjon om dei ulike fasane i aksjonen. Tilsette og elevvar ved Stend var trekt inn i øvinga, og fekk såleis innsikt i både rutinar og redningsarbeid. I tillegg til brannvern var det sett fokus på fall- og gassulykker, samt trygg handtering av maskiner og reiskaper.



Ein kalv var den første som vart "redda"

Bergen Matfestival

Hordaland Bondelag hadde stand på matfestivalen, og mange av dei som stakk innom, var opptekne av norsk landbruk og matproduksjon. Kontakten med publikum var god, og bondelaget fekk vist seg fram som ein utadvendt organisasjon. Ein flunkande ny John Deere-traktor og ein trørtaktor på utlån frå Felleskjøpet, var populære innslag på standen.

Clara Hveem var med og opna festivalen og Liv Spilde delte ut pris til vinnaren av Ganefart 2012, Bekkjarkvik Gjestgiveri. Liv stod for utdelinga i kraft av vervet som leiar i Hordaland Bygdekvinnelag, men ho sit òg i styret til Hordaland Bondelag.

Folkemat

Bondelaget samarbeidde med fleire organisasjonar og Bergen kommune om arrangementet Folkemat i Bergen sentrum. Kor kjem maten frå, kor langt reiser den og kor mykje kastar vi?, var spørsmål som de besøkjande kunne få svar på. Dei fekk forsyne seg med gratis mat og besøke dei mange informasjonsstandane på området.

Bondelaget hadde med dyr, leikegard og materiell frå den grønne skulen. Fylkesleiar Clara Hveem heldt appell, og fortalte blant anna kva som skal til for å produsere maten vår. Det var fleire aktivitetar for barn, og både trillebårløp og mjølkning av "ku" var populært blant de små.



Bondelaget sin stand var populær, her med Arild Nydegger Øvre-Eide til høgre

RULL

RULL er ei forkorting for "rekruttering, undervisning og likestilling i landbruket". Hordaland fylkeskommune har ansvaret for at fagfelta vert fylgt opp. Hordaland Bondelag sit i ei styringsgruppe saman med Fylkesmannen, Innovasjon Norge og Småbrukarlaget der vi gjev innstilling på korleis fylkeskommunen best kan forvalte midlane som årleg vert tildelt gjennom jordbruksavtalen. Dei siste åra har Hordaland fått om lag 1,2 mill. kr per år.

KURS OG OPPLÆRING

Skattekurs

Norges Bondelag arrangerer årleg skattekurs for rekneskapskontor som har samarbeidsavtale med bondelaget. Kurset går over heile landet, og i Hordaland var det i år lagt til Bergen. Programmet gir nyttig oppdatering på sentrale skatterettslege og rekneskapsfaglege område. I samband med kurset arrangerer Norges Bondelag og Økonomiforbundet ein temadag. Temaet i Hordaland i år var regnskapsførarregelverket.

Studiesamfunnet næring og samfunn

I 2011 gjennomførte BSF samanslåing med studieforbundet Populus, og Studieforbundet næring og samfunn vart danna. Maria Skjold er bondelaget sin representant i regionstyret.

Landbrukskurs.no

Landbrukskurs.no er ei ny nettside der alle arrangørar kan presentere sine kurs i Hordaland og Sogn og Fjordane. Sida er administrert av Landbrukstunet Kompetanse.

Tanken bak nettsida er å samle flest moglege tilbod på ein stad, for å lette oversynet og synleggjere mangfaldet. Målet er å skape ein attraktiv, oppdatert og mykje nytta nettstad for både arrangørar og deltakarar.



Stødig taumføring på køyrekurs

Landbrukskurs.no er eit fellesprosjekt mellom fylkeskommunen sine embete i Hordaland og Sogn og Fjordane, etter initiativ frå Hordaland Bondelag. Nettsida finn de her: www.landbrukskurs.no. Landbrukskurs er òg på facebook.

Kurs i regi av andre

Frøydis Haugen har vore Hordaland Bondelag sin representant i ”Ta Grep”; eit 7 månader langt styre- og mentorprogram for tillitsvalte i landbrukets organisasjonar. Programmet legg opp til personleg og fagleg utvikling, nettverksbygging, auka kunnskap om styrearbeid og auka samfunnsforståing. Det er òg eit mål å rekruttere fleire motiverte og kompetente styrekandidatar til landbruket sine organisasjonar. Frøydis omtalar programmet som krevjande, men veldig spanande, og eit godt høve for personleg og fagleg utvikling.

Andre kurs er ”Bli med” på Voss, der Turid B. Njåstad, Leif Arne Lirhus og Roar Angelskår deltok. Lars Peter Taule og Geir Totland deltok på miniseminar om jordskifteretten sin verktøykasse. Turid B. Njåstad deltok på kurs i landbrukspolitikk, og dei tilsette på fylkeskontoret fekk opplæring i kommunikasjon og medier.

REPRESENTASJON

Beitautvalet

Beitautvalet, med representasjon frå Sau og Geit, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag og Fylkesmannen si landbruksavdeling, vart etablert i 2010. Utvalet skal vere til hjelp for dei ulike beitelaga rundt i fylket, til dømes når det gjeld rapportering av statistikk og innhenting av kunnskap.

Utvalet har ansvar for handsaming av søknadar om investeringstøtte i organisert beitebruk, og dei har fortsett arbeidet med utprøving av radiobjøller.

Det har vore dialog med mattilsynet om deira forslag til beiterestriksjonar i enkelte område, og utvalet har arbeidd for å auke tilgjenge i beiteområda, både med omsyn til mobildekning og bruk av private vegar. I haust var det ulike beitlagsamlingar i fylket, med Samvirkelova sitt krav om registrering i Enhetsregisteret/ Foretaksregisteret som tema. Turid Bjørndal Njåstad er bondelaget sin representant i utvalet.



Turid Bjørndal Njåstad

Vi satsar på mjølk i Hordaland

Prosjektet er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, TINE, Innovasjon Norge og Felleskjøpet Agri. Hovudaktiviteten er informasjon og rettleiing til dei som vurderar nybygg/ påbygg/ samdrift, utviding eller omlegging av drifta. Leif Arne Lirhus sit i styringsgruppa for Hordaland Bondelag.

Grøntutvalet Norges Bondelag

Terje Larssen sit i utvalet, som fungerer godt. Det er god tone for opne drøftingar. Sist haust samla utvalet representantar for alle grøntutvala i Norges Bondelag til eit drøftingsmøte. Det vart poengtert at arbeidet i utvalet ikkje berre er jordbruksoppgjeret, men at saker som er viktige kan sendast over heile året. I 2012 ba utvalet mellom anna Norges Bondelag opne for import av frukttré. Styret i NB tok oppfordringa og gjorde vedtak i tråd med ønskje frå utvalet.



Terje Larssen

Føregangsfylke for dyrking av økologisk frukt og bær

I 2010 vart dei to tradisjonelle frukt- og bærfylka, Sogn og Fjordane og Hordaland føregangsfylke for økologisk frukt og bær. Prosjektet skal spreie erfaringar og informasjon om produksjon og omsetnad av økologisk frukt og bær i heile landet. Prosjektleiar er Frøydis Lindén. Ho har kontorstad hos Fylkesmannen i Hordaland. Clara Hveem sit i styringsgruppa for Hordaland Bondelag.

Norske fruktdagar

Norske fruktdagar, ei fortsetting av Fruktdagar i Ulvik som Hordaland Bondelag stod bak, vart arrangert i Ulvik i slutten av januar. Statssekretær Harald Buttedal og fylkesmann Lars Sponheim heldt innlegg. For fruktnæringa og andre i grønt er det eit tydeleg skifte at vi har fått ein statssekretær som er fruktdyrkar.

Frukt og bær rundt neste sving

Med utgangspunkt i profesjonell frukt- og bærproduksjon, skal programmet utvikle eller vidareutvikle salbare produkt og tenester, særleg knytt til reiselivet. Prioriterte tiltak er å nytte frukt, bær og kulturlandskap som grunnlag for opplevingar, auke tilgjenge av frukt og bær som mat, samt utvikle godt vertskap. Terje Larssen er med i styringsgruppa.

Prosjektet har no hatt sitt siste tildelingsmøte. Det skal vere eit avsluttande møte i styringsgruppa med oppsummering i februar 2013. Fokus i avslutninga av prosjektet er læring og korleis ta vare på det som er skapt. Vestlandsforskning har evaluert arbeidet.

Areal- og ressursforvaltning

Hordaland Bondelag har vore engasjert i saker som omhandla vegsikring i Nordhordland, kartlegging av lokale turområder på Askøy, samt fleire reguleringsplanar rundt om i fylket. Ved rullering av kommuneplanens arealdel i Bergen arrangerte fylkeslaget og Bergen Bondelag et medlemsmøte, der alle aktuelle landbruksområde vart kommentert. På grunnlag av opplysningar som kom fram på møtet, vart det sendt inn merknad til kommunen.

Kulturlandskapsgruppa

God forvaltning av kulturlandskapet er eit viktig delmål i landbrukspolitikken. I Hordaland har vi ei breitt samansett gruppe som mellom anna utarbeidar regionalt miljøprogram, følgjer opp løyvingane i tilskotsordninga, diskuterer faglege utfordringar og deler ut den årlege kulturlandskapsprisen.

Clara Hveem og Lars Peter Taule er med i gruppa.



Kulturlandskapsgruppa på synfaring

Fiskeforvaltning

Maria Makloufi Skjold var Hordaland Bondelag sin representant på Hardangerfjordseminaret i Øystese, der mellom anna fiskeriminister Lisbeth Berg-Hansen var gjest. I tillegg deltek fylkeslaget i nasjonalt pilotprosjekt for strakstiltak i Hardangerfjorden. Føremålet er å gjennomføre kompensierende tiltak for berekraftig havbruk, og å styrkje bestandane av villfisk i elvane til fjordbasseng. Fylkeslaget er med i arbeidsgruppa ”Vassdrag”.

Vassdirektivet

EU har innført eit vassdirektiv som gjer at Norge må lage forvaltningsplanar og tiltaksplanar for alt vatn. I vassregion Hordaland har vi 5 vassområde, og bondelaget har lokale representantar som følgjer med i arbeidet. Bjarte Naterstad og Maria Makloufi Skjold har vore med på seminar i regi av Norges Bondelag, og både Bjarte, Bjørne Røthe og Frøydis Haugen har vore på lokale vassområdemøte. Hordaland Bondelag har sendt innspel til den nasjonale høyringa av "vesentlege vassforvaltningsspørsmål".



Maria M. Skjold og Bjarte Naterstad

Mat og andelsjordbruk

Hordaland Bondelag har deltatt i møter om "Bergen som gastronomisk hovudstad" og Arild Nydegger Øvre-Eide var bondelaget sin representant på årsmøte i Bergen Slowfood. Clara Hveem har vore med på lokalmatsamling på Haaheim gard og i Kvam.

På initiativ frå Slowfood Bergen har Hordaland Bondelag og Bergen Bondelag tatt del i ei arbeidsgruppe som ønskjer å knyte kontakt mellom grunneigarar med matjord og forbrukarar som er interessert i å delta i produksjon av eigen mat. Andelsjordbruk er på frammarsj i mange land, men det er særst ulikt korleis det vert organisert. Mange held fram at det gir "nytt liv til landbruket" og opnar for ny dialog mellom forbrukar og bonde.

Regionalt næringsprogram for landbruket i Hordaland 2013 -2017

RNP er utarbeida av Fylkesmannen i samarbeid med Fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag og Hordaland Bondelag. Det er peikt på fem satsingsområde: Mjølke- og storfekjøttproduksjon, sauehald, fruktdyrking, skogbruk/tre og bygdenæringer. Målet er å fremje næringsutvikling ved å samordne dei regionale og økonomiske verkemidla, for å auke investering og produksjon i Hordalandsjordbruket.

Ny bruk av ledige landbruksbygg

Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen har leiinga for prosjektet, som skal inspirere til å vedlikehalde bygg som ikkje lenger inngår i drifta. Dette skal gi grunnlag for ny aktivitet i bygda. Hordaland Bondelag er representert i styringsgruppa ved Guttorm Rogdaberg.

Landbrukets HMS teneste, fylkesgruppa

Landbrukets bedriftshelseteneste (LHMS) har som mål å redusere talet på ulykker og yrkeslidningar i landbruket. Fylkesgruppa i Hordaland består av regionansvarleg, HMS rådgjevar, representantar frå faglaga og nokre engasjerte bønder. Tenesta si oppgåve er å ha fokus på HMS-arbeidet i fylket, og vere ein pådrivar for kurs i Praktisk HMS-arbeid. Turid Bjørndal Njåstad er bondelaget sin representant i gruppa.

Andre møte og arrangement:

Fagtur med FMLA til Sveits	Clara Hveem
Årsmøte i Bygdekvinnelaget 23-25.3	Lillian Hovstad
Årsmøte i Bygdeungdomslaget 18.2	Liv Spilde
Temakonferansen	Clara Hveem
Skattejakt Nordhordland	Tore Henrik Øye
Møte med forskningsmiljøa, Bergen	Clara Hveem og Lars Peter Taule
Stormøte Nordhordland	Lars Peter Taule
Landbrukssamling for kommunane	Terje Larssen og Clara Hveem
Kurs for Fjellstyrene	Sjur Tarjei Fykse
Nytt liv i gamle bygg	Tore Henrik Øye
Årsmøte i Hanen	Sjur Tarjei Fykse
Styringsgruppa for Agro Hordaland	Tore Henrik Øye
Møte om grovfôr på Osterøy	Tore Henrik Øye
Møte om postdirektivet, Nei til EU	Turid Bjørndal Njåstad
Næringssamling – ”Vegen vidare” Stend	Tore Henrik Øye og Arild N. Øvre-Eide
Møte om Bedriftsleiing, Meland	Tore Henrik Øye
Årsmøte i 4H Hordaland	Maria Makloufi Skjold
Opning av smådyravelinga på Stend	Maria Makloufi Skjold og Tore Henrik Øye
Møte med fylkesvaraordfører Mona Hellesnes	Clara Hveem og Lars Peter Taule
North Atlantic native sheep and wool conference	Arild Nydegger Øvre-Eide
Møte med Attac Hordaland	Lars Peter Taule
”Norturamøte”. Orientering om jordbruksforhandlingane	Turid Bjørndal Njåstad
Møte med Natur- og miljøutvalet i Øygarden kommune om hjorteforvaltning	Tore Henrik Øye
Hardangerkonferansen 2012	Terje Larssen
Møte med Bergen Kommune om m.a. bakkeplanering	Arild Nydegger Øvre-Eide og Geir Totland
Møte med Nils T Bjørke og skogplanlegging om skogsvegar	Geir Totland
Seminar om miljøvern, Fylkesmannen sin miljøvernavdeling	Maria Makloufi Skjold og Tore Henrik Øye
Leiarmøte Hordaland sau og geit	Clara Hveem
Bli med	Turid Bjørndal Njåstad, Leif Arne Lirhus
Møte om kantslått langs fylkes og riksveg med Statens Vegvesen	Geir Totland
Årsmøte i Rogaland/Agder Felleskjøp	Clara Hveem
Regionsamling i Norsvin Hordaland	Clara Hveem
Region-, område- og årsmøte i Tine	Turid Bjørndal Njåstad

UTMERKINGAR

Kulturlandskapsprisen

Kulturlandskapsprisen for Hordaland vart delt ut for 17. gong. Årets vinnarar var Sigrid og Kjetil Skjervheim. Fylkesvaraordførar Mona Hellesnes stod for overrekkinga på garden 30. august. Markeringa starta med ein tur i det prisgjevne landskapet. I tillegg til fylkesvaraordføraren, var landbruksdirektør Ole Bakkebø, fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd og ordførar i Voss kommune, Hans Erik Ringkjøb, med på prisutdelinga. Fleire organisasjonar i landbruket deltok også. Frå Hordaland Bondelag stilte leiar Clara Hveem og organisasjonssjef Lars Peter Taule.



Frå utdelinga av prisen. Foto Clara Hveem

Bygdeutviklingsprisen

Hordaland Bondelag er med i juryen for Bygdeutviklingsprisen. I år gjekk den til bøndene og gründerane Olaug Fagerbakke og Helge Terje Fosse. Dei fekk prisen for sin store innsats med å bygge opp Bergsdalstunet som ein veldreven gardsrestaurant av høg kvalitet - "laaangt" frå byd`n. Ei modig satsing som no ber frukter, var juryen si grunngeving. Prisen er på 50 000 kr, og blir delt ut i regi av Innovasjon Norge. Fylkesleiar Clara Hveem var til stade under prisutdelinga.



*Nina Broch Mathisen (t.h) frå Innovasjon Norge overrekte prisen.
Foto Stanley Hauge*

SAMARBEIDSORGANISASJONAR

Hordaland Bygdeungdomslag

Arbeidsåret 2012/2013

Arbeidsåret i Hordaland Bygdeungdomslag (HoBU) har vore prega av utskifting av leiar, nestleiar og infoleiar i styret. Dette har ført til at me ikkje har fått gjennomført så mykje aktivitet som me gjerne ønskte. Styresamansetninga ser no slik ut:

Leiar: Maria Hjelle

Nestleiar: Solfrid Hjelle

Kulturleiar: Andreas Kjølby

Tevlingsleiar:

Veronika Gjermo

Infoleiar:

Åshild Fagerbakke Fosse

Kasserar:

Ragnhild Tennebekk Bjørke

Styremedlem:

Hildegunn Pettersen

1.vara: Eirin Tyssebotn

2.vara: Audun Lund Eik



På landsstemnet i Hedmark i veke 29 var Hordaland godt representerte med 73 medlemmar i leiren. På

landsstemnet fekk Voss Bygdeungdomslag tevlingsprisen. Dette er ein pris som går til det lokallaget som har hatt flest og best tevlingar gjennom året. Biletet er henta frå årsmøtemiddagen. På haustarrangementet i Sør-Trøndelag, 12.-14. oktober, var det litt færre representantar, om lag 15 hordalendingar var tilstades i Melhus denne helga!

21.-23. september arrangerte HoBU saman med Buskerud BU haustkurs for alle styremedlemma på lokallagsnivå. Her var me totalt 36 stykke, inkludert kurshaldarar. Me heldt til på Buskerud Folkemusikksenter, og hadde ei helg med mykje ny lærdom, og mykje moro!

Tysdag 30. oktober arrangerte friluftsgruppa til HoBU sentrumrebus til fots.

25.-27. januar skal me ha revykurs for alle medlemma våre i Tørvikbygd. Her kjem det instruktør for å læra oss litt om det å skriva tekstar og det å stå på ei scene. Me har som mål at dette skal gjera interessa for å spela revy i lokallaga større, slik at me kan halda fram med den gode tradisjonen det er, å spela revy saman med BU.

Av Maria Hjelle

Hordaland Bygdekvinnelag

I januar vart Liv Spilde, Rigmor Vikane og Brynhild Tennebekk Bjørke intervjuet om **Rotgrønsaker** for programmet "Naturens verden". Dette er eit av satsingsområda til Bygdekvinnelaget i 2012/13. Innslaget vart sendt på NRK P1.

Me hadde **Inspirasjonseminar i Bergen** i februar. Der kom det nesten 70 bygdekvinner frå heile fylket, det var ny rekord. Temaet var Bygdekvinnelaget åpner bygda. Ingrid Grene Henriksen frå NBK kom og fortalde oss om dette prosjektet. Etterpå hadde me stylist Liv Jorunn Solstad som gav oss litt tips om korleis me skulle kle oss. Det vart presseoppslag, og fleire av lokallaga tok opp tråden i sine bygder då dei kom heimatt.

Årsmøtet vårt på Lofthus i Ullensvang vart arrangert av Odda og Børve/Sekse. To unge medlemmar held årsmøteføredrag, om korleis det var å koma ny inn i bygdekvinnelaget, og korleis det var å koma ny til bygda. Mange tankevekkjarar for oss alle. Margunn Nedrebø møtte frå NBK. Fylkesstyret fekk tre nye styremedlemmar etter årsmøtet.

Ganefart gav oss ny deltakarrekord dette året med 18 påmelde i vårt fylke. Leiar i HBK var juryeleiar. Bekkjarvik Gjestgiveri i Austevoll vart vinnaren i vår region. Prisutdelinga føregjekk på Matfestivalen i Bergen. Me fekk hjelp av sjølvaste Petter Nome til utdelinga.

Åsa Gunnarsdottir laga ein eigen **vervebrosyre for fylket vårt** denne hausten, som alle lokallaga fekk tilsendt. Denne har me fenge mykje skryt for. Leiar og to styremedlemmar reiste til Sarpsborg på **årsmøte i NBK**. Innlegget vårt i generaldebatten gjekk på handarbeidsfaget sin rolle i dagens skulesystem.

Fylkestyret har hatt 8 styremøter og behandla 68 saker. Leiar har møtt fast i Hordaland Bondelag sitt styre og i Organisasjonsutvalget i NBK. Me har vore på årsmøte i Bondelaget, HBU, 4H og Folkeakademiet. Me har vore på møte om GMO i Bergen, samanslåing av Populus og BSF, møte om Blå/grøn matstrategi for Hordaland, i Oslo og gått i demonstrasjonstog for jorbruksforhandlingane og på planleggingsmøte for Agro Hordaland. Me har og levert ein uttale til Nei til EU.

Det er no 33 lag i Hordaland. Desse har mange faste aktivitetar som visar godt att i bygdene der dei held til. Dei fleste deltek på ulike messer og bygdedagar, ofte i samarbeid med lokale bondelag.



Me i Hordaland Bygdekvinnelag vil takka Hordaland Bondelag for god hjelp og godt samarbeid dette året og. Håpar dette er til gjensidig glede. *Av Liv Spilde*

Landbrukstunet Kompetanse

Landbrukstunet Kompetanse (LTK) vart skipa i juni 2011 i regi av Hordaland Bondelag (HB). Føretaket er registrert som foreining, med egne vedtekter for drifta. Tore H. Øye er tilsett som dagleg leiari. Leiaren i fylkeslaget er styreleiari. Styret i HB utgjer årsmøtet. Årsmøtet i 2012 vart halde 20. februar.

Hovudoppgåva til LTK er å delta i arbeid som fremjar kompetanseutvikling og rekruttering i hordalandslandbruket. Føretaket skal vere initiativtaker og pådrivar for næringa si samla innsats på feltet. I dette høvet står god kontakt med lokale bondelag og andre organisasjonar sentralt.

2012 har vore eit aktivt år, med varierte tiltak og gjeremål. Oppfølging av HB sitt tiltaksprogram, "Framtidsbonden i Hordaland", har stått sentralt. I tillegg er det teke nye initiativ innafør informasjons-, rekrutterings-, og kompetansearbeidet.

KURS/MØTE:

- Møte, grovfôr. Samarbeid med Osterøy Bondelag
- Motorsagkurs, Sotra og i Lindås. Samarbeid med lokale bondelag
- Kjørekurs med hest og vogn. Samarbeid med Bergen Bondelag.
- Kurs i sauehald. Samarbeid med Glade Bønder
- Møte om bedriftsleiing, Stend og Nordhordland. Samarbeid med lokale bondelag.
- Temakvelder om generasjonsskifte og rekruttering. Samarbeid med Ølve/Hatlestrand Bondelag.
- Kurs i generasjonsskifte og ekspropriasjonsrett. Samarbeid med Harris.
- Datakurs for bønder. Samarbeid med bondelaga i Nordhordland. Pågåar.
- Næringsksamlingar, unge/nye bønder. Samarbeid med Glade Bønder. Pågåar.



Lars Mæle skipa til grovfôrmøte med Jenny Johnsen og Lise Austrheim som innleiarar

REKRUTTERINGSTILTAK:

- Skulebesøk om naturbruk som utdanningsval: Nysæter u-skule, Søfteland u-skule og Kvam u-skule. Samarbeid med lokallaga.
- Innlegg på samling for rådgjevarar på u-skulen og vgs., Bergen.
- Ordning med vertsbønder for ungdomsskuleelevar. Sveio og Granvin. Pågåar.
- Deltaking på Fusamesso. Samarbeid med Fusa Bondelag.
- Landbruksspelet, Lindås u-skule. Samarbeid med Austrheim/Lindås Bondelag.
- "Trygg på jobb, med landbruk som eksempel". HMS-dag for 10. klasse. Pågåar.
- Profileringsav landbruk som utdannings- og yrkesval på www.mittyrke.no

- Gardsbesøk hos Lars Istad og bedriftsbesøk hos Tine for rådgjevarar på u-skulen.
- Gardsbesøk for elevar ved Bergen katedralskole. Hos Lars Istad, Voss.



Elevar frå "Katten" på gardsbesøk

PROSJEKTSATSINGAR:

- "Landbruket ruler" Filmkonkurranse for elevar på u-skulen og vgs.
- www.landbrukskurs.no. Utvikling og drift av nettbasert kurskalender.
- Avløysarkurs for ungdomsskuleelevar. Forprosjekt under gjennomføring. Samarbeid med Landbrukstenester Hordaland.
- Ordning med praksisvertar for elvar ved Stend vgs. Under gjennomføring.

I tillegg har LTK delteke på møte og samlingar i regi av andre aktørar, samt drive aktiv profilering på nettsidene til Hordaland Bondelag. Det er også etablert nettverk i lag med samvirkeorganisasjonane og andre naturlege samarbeidspartar.

Godt samarbeid med lokale bondelag står sentralt for LTK framover. Intensjonen er å vere ein aktiv støttespelar for lokallaga. Samstundes vert det viktig å synleggjere LTK som ein ressurs for heile landbruksnæringa, for å styrkje føretaket si forankring og involvering i arbeidet samla sett.

HØYRINGAR OG UTTALAR (UTDRAG)

Hordaland Bondelag har gjeve uttalar i mange saker om arealbruk, ressursforvaltning og landbrukspolitikk, ofte i samarbeid med lokallaga.

Høyringar til Norges Bondelag:

- Revisjon av forskrift om organisk gjødselvarer
- Forskrift om tilskudd til investeringstiltak i beiteområder
- Ny landbruks- og matmelding
- Jordbruksforhandlingane

Høyringar til andre:

- Rullestad og Skromme Energi, Etne
- Regional planstrategi
- Reguleringsplan ByBo Ådland, Bergen
- Reguleringsplan Mjølkeråen, Bergen
- Ny strategi for fruktneeringa i Hordaland
- Vesentlege vassforvaltningsspørsmål (nasjonal høyring)
- Forslag til regulering av fiske etter anadrome laksefisk i Hordaland frå 2012

Økonomiske og juridiske tenester

Norges Bondelag samarbeider med både rekneskapskontor og advokatkontor. Gjennom dette samarbeidet får bondelaget sine medlemmer tilgang til kvalitetssikra tenester som rekneskapsføring, økonomisk- og juridisk rådgjeving.

Rekneskapskontora

I Hordaland er det 15 rekneskapskontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag. Dei får mellom anna fagleg oppdatering gjennom årlege kurs.

Økonor Nordhordland	ISDALSTØ	56 35 55 80
Bjørn Inge Sætre ANS	UGGDAL	53 43 20 36
Fana Sparebank Regnskap AS	BERGEN	55 91 98 00
Fusa Rekneskapskontor AS	FUSA	56 58 00 80
Halsnøy Rekneskapskontor AS	SÆBØVIK	53 47 41 00
Hardanger Økonomiservice AS	EIDFJORD	53 66 44 00
J. Bleie aut. regnskapsfører	NÅ	53 64 30 17
Real Økonomi AS	ISDALSTØ	56 35 19 75
Kontor- & Økonomiservice	LONEVÅG	56 39 04 90
ReNett AS	PARADIS	55 92 41 73
Ullensvang Rekneskap ANS	LOFTHUS	53 66 11 28
Ullensvang Rekneskapslag	UTNE	59 66 69 53
Vekstra Hardanger og Voss	ØYSTESE	56 55 34 40
Vossestrand Rekneskapskontor BA	VOSSESTRAND	56 53 00 40
Tveit Regnskap	HORDALAND/ROGALAND	52 76 71 00

Advokatkontora

I Hordaland er det tre advokatkontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag. Dei har spesiell kompetanse på landbruks-, eigeidoms- og skatterett i tillegg til vanlege juridiske spørsmål. Avtala omfattar ikkje rabatt på honorar.

Advokatfirmaet Judicium	55 21 01 50	Bergen
Advokatfirma Kvåle ANS	56 55 12 77	Norheimsund
Advokatfirmaet Harris	55 30 27 00	Bergen og Norheimsund

Medlemmer kan også kontakte Rekneskap og Juridisk avdeling i Norges Bondelag for å diskutere økonomiske eller juridiske problemstillingar.

ADVOKATFIRMAET
HARRIS
www.harris.no

ADVOKATFIRMA
KVÅLE ANS

M.N.A.

Sandvenvegen 43, 5600 Norheimsund

Tlf. 56 55 12 77-Faks 56 55 19 63

E-post: post@advokatkvale.no - www.advokatkvale.no

ADVOKATFIRMAET
JUDICIUM DA

Jordskifterett – Odelsrett – Konesjon – Boplikt – Arverett – Familierett

Telefon 55 21 01 50 Telefaks 55 21 01 99

Postboks 764 Sentrum, 5807 Bergen

Besöksadresse: Strandgaten 1

Advokat Ivar Winjum

E-post: winjum@judicium.no

www.judicium.no

Gjensidige

Gjensidige er ein sentral samarbeidspartnar for bondelaget. Vi har nær kontakt med assurandørane på landbruk, og har årleg møte om felles arbeidsplan. Gjensidige deltar på dei fleste store arrangementa til Hordaland Bondelag, som leiarmøte og årsmøte. Alle lokallag har ståande invitasjon om å ta kontakt vedrørende faglege spørsmål og deltaking på lokalt møte eller arrangement.

Norges Bondelag forhandlar frem rabattar på vegne av medlemene. Les meir på www.gjensidige.no under landbruk og organisasjonsmedlem.



GJENSIDIGE

Landkreditt Bank

Norges Bondelag og Landkreditt Bank har ei samarbeidsavtale som gir bondelagsmedlemer gode fordelar. Vekstkonto er ein sparekonto som bare medlemene i Norges Bondelag og Landkreditt kan få. Kontoen har til ein kvar tid bankens beste innskotsrente og vil vere eit av marknadsens beste sparetilbod.

Banken tilbyr også gebyrfri nettbank og bankkort, nye lån utan gebyr, leasing, fondsparing og pensjon. Les meir på www.landkredittbank.no/nb.



Gårdskreditt

- rask og enkel tilgang til kapital

Gårdskreditt er et fleksilån for landbruket som gir deg større økonomisk frihet.

Innenfor den avtalte lånerammen styrer du selv hva du bruker pengene på, og hvor mye som skal nedbetales.

Renter beregnes kun på det beløpet som du til enhver tid har benyttet.

Søk om gårdskreditt hos oss! Vi hjelper deg med lån og finansiell rådgivning.

Landkredittbank.no/landbruk | 815 52 245



Landkreditt Bank

REKNESEKAP

Avdeling	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Inntekter	Kostnader	Saldo
	inntekt 2012	kostnad 2012	2012	Pr 31/12	Pr 31/12	Pr 31/12
Generelt	828 000	340 000	518 000	745 968	137 495	608 473
Rente	30 000			32 198		32 198
Fylkesleder	275 000	275 000	-	274 500	318 229	-43 729
Fylkestyret	0	280 000	-280 000	-	250 828	-250 828
Andre tillitsvalgte	0	30 000	-30 000	-	32 030	-32 030
Årsmøte HB	100 000	201 000	-101 000	107 145	223 765	-116 620
Leiarmøte HB	295 670	525 800	-231 000	394 777	586 237	-191 460
Regionmøte HB	0	20 000	-20 000		24 891	-24 891
Opplæring/kurs	91 000	120 000	-29 000	91 000	64 743	26 258
Open gard/aktive lokallag	0	35 000	-35 000	161 110	45 000	116 110
Framtidssbonden	0	70 000	-70 000		129 920	-129 920
Resultat	1 619 670	1 896 800	-278 000	1 806 698	1 813 137	-6 439

Om egenkapitalen i Hordaland Bondelag

2004	kr. 603.583
2007	kr. 668.936
2010	kr. 1.212.283
2012	kr. 1.168.732

LOKALLAGA AKSJONERAR:



